

Årdal kommune

Sakspapir

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---------|---------------|------------|
| 117/20 | Formannskapet | 08.10.2020 |

Sakshandsamar: Stig Stark-Johansen Arkiv:

Arkivsaksnr. 20/1395 -
20/10709

Forskrift om utvida bandtvang i Årdal kommune - oppstart av arbeid med revisjon

Saka gjeld

Det er ynskje om revisjon av Årdal kommune si forskrift om utvida bandtvang.

Bakgrunn

I medhald av hundelova er det bandtvang i Norge i tida 1.april til 20.august. Årdal kommune har gjeldande forskrift om utvida bandtvang vedteken i kommunestyre 26.11.2009 i sak 09/979, sjå vedlegg. I tråd med forskrifta pliktar hundeeigarar som oppheld seg i Årdal kommune å halda hunden i band, forsvarleg inngjerda eller innestengd fram til 1.november.

Drøfting

Årdal kommune har sterkt utvida bandtvang. I tråd med hundeloven §6, kan kommunane gje forskrift om utvida bandtvang, men dette må grunngjevast godt. Årdal har samme forskrift som Lærdal kommune – noko som kan forklarast med felles landbrukskontor – og dermed like retningslinjer.

Kommunedirektøren meinar det er behov for å revidere gjeldande forskrift, og tilrår at det vert starta opp med arbeidet. Dette vert grunngjeve med at retningslinjene truleg er for innskrenkande for hundehaldet – og at dette er på kant med lovverket.

Årdal kommune har til dømes eit strengare regelverk enn kommunene Aurland og Luster, som i større grad kan definerast som landbrukskommunar. Desse to kommunene har kun utvida bandtvangsperiode i områder der det kan vere beitedyr. I Årdal gjelder retningslinjene for heile kommunen – til tross for at det er område som ein veit at det ikkje er beitedyr.

Det er tre viktige hensyn som må takast:

Omsynet til beitedyr og vilt

Omsynet til at enkelte personer kan føle seg utrygge på hunder

Omsynet til dyrevelferden til hundane – og at dei får i størst muleg grad muligheiter til å ferdast laust – men da under kontroll.

Det sistnemnde punktet er det truleg teke for lite omsyn til i retningslinjene til Årdal kommune. Lovverket slår fast at bandtvang ikkje skal innførast i større grad enn nødvendig – og at utvida bandtvang kun skal gjelde i område dyr faktisk beiter eller der ein ønskjer å beskytte vilt.

Dersom det er problematikk rundt vilt, seier lova at krav om bandtvang skal opphøyre straks forholde tilseier det (paragraf 6, Lov om hundehold).

Kommunedirektøren har som mål at Årdal kommune skal ha revidert si forskrift om utvida bandtvang innan 1.april 2021.

Tilråding:

1. Årdal kommune startar opp med revisjon av *Forskrift om utvida bandtvang for hund i Årdal kommune*.
2. Administrasjonen får fullmakt til å utarbeide revidert forskrift. Forslag til endret forskrift blir lagt fram til politisk behandling.

08.10.2020 Formannskapet
Framlegg til vedtak vart teken opp til røysting.
Vedteke mot 3 røyster (SP).

Fskap-117/20 Vedtak:

1. Årdal kommune startar opp med revisjon av *Forskrift om utvida bandtvang for hund i Årdal kommune*.
2. Administrasjonen får fullmakt til å utarbeide revidert forskrift. Forslag til endret forskrift blir lagt fram til politisk behandling.

Vedlegg:

Forskrift til lov om hundehald i Årdal kommune